



# Nord-Aurdal kommune

Det kongelege kunnskapsdepartement  
postboks 8119 Dep

**0032 OSLO**

**Deres ref.:**  
201005688

**Vår ref.:**  
stujan - 11/1205

**Vår dato:**  
14.02.2011

## **Høyringsuttalelse Kulturskoleløftet - kulturskole for alle**

Det er gjort følgende vedtak i saken:

### **Forslag til vedtak fra arbeidsutval for oppvekst og kultur:**

Nord-Aurdal kommune vedtek å sende vedlagte uttale til høyringsmottakar.

### **03.02.2011 Arbeidsutval oppvekst og kultur**

Leiar Aud Søyland gjorde greie for framlegget til høyringsuttale.

Aud Søyland hadde utarbeid eit framlegg til høyring på bakgrunn av kulturskuleutvalet sin rapport og ut frå innspel mellom anna frå kulturskulen i Nord-Aurdal kommune.  
Arbeidsutvalet drøfta framlegget til høyringsdokumentet.

Viste til at arbeidet både i kulturskulen og grunnskulen ber frukter. Eit eksempel er forestillinga til Nord-Aurdal ungdomsskole ”Tapas”, som samla fullt hus.

Votering:

Høyringsuttala vart samrøystes vedteke med nokre endringar.

### **AU1-001/11 Vedtak, samrøystes:**

Nord-Aurdal kommune vedtek å sende vedlagte uttale til høyringsmottakar.

.....

Med hilsen

Jan Stundal  
virksomhetsleder



Til Kulturskuleutvalet

## ***Høyringsmerknader om rapport frå kulturskuleutvalet***

Nord-Aurdal kommune har motteke rapporten frå kulturskuleutvalet, datert 7.9.2010, til høyring. Nedanfor følgjer merknadene frå arbeidsutval for oppvekst og kultur.

### **Meir kulturfag i skulen**

Utvalet peikar på at kulturfaga har fått mindre plass i skulen, og rår til at det blir endra. Nord-Aurdal kommune støttar det framlegget, fordi vi ser at kultur har stor eigenverdi for kvart enkelt menneske. Dessutan meiner vi at skulen har vorte for teoretisert, og at kulturfaga kan vera eit pusterom for elevar som ikkje er teoretisk sterke. Som utvalet seier, kan kulturfaga òg ha ein instrumentell verdi ved at dei fører til betre læring og betre integrering.

### **Utvila oppgåver for kulturskulen krev meir ressursar**

Om kulturskulen si rolle seier utvalet at det er formålstenleg å ha ein omfattande kulturskule som tek seg av dei tradisjonelle kjerneområda (opplæring i kunst- og kulturfag), men som òg kan vera med og løyse samfunnsoppgåver innanfor skule og helse. Nord-Aurdal kommune seier seg samd i det, men meiner at kulturskulen må tilførast meir ressursar frå sentralt hald viss dei skal ta på seg oppgåver utover kjerneoppgåvene.

### **Forholdet kulturskule – grunnskule**

I punkt 1.5.3 seier rapporten:

Utvalget ser det som framtidsrettet og nødvendig at modellene der kulturskoleelever, enkeltvis eller i smågrupper, tas ut av ordinær grunnskoleundervisning, utvikles videre, og at det klargjøres fra sentralt hold hvordan dette kan løses smidigere i forhold til lover og forskrifter.

Nord-Aurdal kommune er skeptisk til at elevar skal takast ut av ordinære grunnskuletimar. No når timetalet i grunnskulen er utvida, er det merkeleg at ein samtidig går inn for å svekkje det ved at elevar blir tekne ut. Det svekkjer òg grunnlaget for ein meiningsfylt heildagsskule, eller utvida skuledag, der kulturskulefaga kunne få sin plass i tidsrom då det ikkje er regulær undervisning.

Nord-Aurdal kommune har gjort forsøk med å ta elevar ut frå ordinære grunnskuletimar. Her er nokre erfaringar:

- Det er uheldig for fordjuping og konsentrasjon om ein elev som er i gang med ei oppgåve, blir teken ut for å lære noko anna.
- Eleven er ikkje alltid motivert for å bli teken ut or klassen.
- Eleven går glipp av verdifull undervisning.
- Eleven, foreldra og læraren er ikkje samde om kva slags grunnskuleaktivitet eleven skal takast ut av.
- Verdifull tid går tapt når skulen skal ha skidag, skodespel osv., og kulturskuletimar fell ut.
- Det er vanskelegare å organisere samspel.
- Grunnskulelærarane får ekstra arbeid med å vurdere korleis dei skal leggje opp undervisninga, med elevar som kjem og går.

Fordelar ved ettermiddags- og kveldsaktivitet:

- Foreldra kan vera med og sjå og høyre, og støtte opp om læringa.
- Elevane kan få litt pause før dei går til ny læring.
- Det er mogleg å få til samspelgrupper.

Mandatet til Kulturskoleutvalet gjekk i stor grad på samarbeidet mellom SFO og kulturskulen, og me støttar utvalet i at det har utvida rapporten til å gjelde heile det 13-årige skuleløpet.

## Økonomi

Nord-Aurdal kommune merkar seg at det er tilført 40 millionar i ekstra stimuleringsmidlar til kulturskulen i 2010 og 2011, for å oppnå ei utvikling i kulturskulane slik det er omtala i Kulturløftet II. Vi meiner det er svært positivt, men vil peike på at det ikkje er tilstrekkeleg for å oppnå målsetjingane i Kulturløftet II. Derfor vonar vi det er mogleg å auke summen i åra som kjem, slik utvalet skriv i punkt 8.3.

Rapporten er elles uklar om ordninga for statsstøtte. Det ser ut til at det skal bli utviklingsmidlar som før, men også stimuleringsmidlane må givast slik at det blir ei generell styrking. Alle kommunar bør få; ikkje berre dei som har vore flinke.

Rapporten føreslår at det blir sett eit tak på 2000 kr i elevavgift. I så fall er det særleg viktig at statsstøtta blir auka. Elles vil låg elevavgift fort føre til at kulturskulane kan ta inn færre elevar, og til lange ventelister. (Sjå pkt. 8.3, 1.5.6, 1.5.7 og 7.4.)

## Lærarkompetanse

Over 50 prosent av grunnskulelærarane har inga utdanning i kunstfag, og kompetansen deira må hevast. Dei som har utdanning, føretrekkjer ofte å arbeide i kulturskulen. Nokre høgskular gir no utdanning som gir kompetanse i å undervise i begge skuleslag. Det er viktig å utvikle slike utdanningstilbod. Skal kommunane greie å få lærarar til skulefaget musikk, må dei kunne gi lærarane tilbod om å undervise i begge skuleslag.

Også kompetansen til kulturskulelærarane er sjølvsgart avgjerande for å skapa god kvalitet. Nord-Aurdal kommune meiner at det må sikrast gjennom utdanningssystemet, og ved at kommunane legg til rette for gode stillingar lokalt, m.a. kombinerte stillingar (jf. kap. 1.5.5).

## Kunstfag i faget utdanningsval?

I pkt 4.1 føreslår utvalet at ein kan bruke faget utdanningsval i ungdomsskulen til å få auka omfanget av estetiske fag i ungdomsskulen. Dette ungdomsskulefaget skal femne om kompetanse mål frå utdanningsprogram på vidaregåande, og aktuelt fagområde innanfor faget utdanningsval er estimert til 66 timer fordelt på tre år på ungdomsskulen. Desse 66 timane skal gå til utprøving av fleire av dei tolv utdanningsprogramma på vidaregåande, og tidsramma strekk ikkje til for å gi det rommet for estetiske fag som utvalet ønskjer.

I pkt 3.2 viser utvalet tilbakegangen estetiske fag har hatt i skulen, frå 19,7 % av timetalet i Mönsterplanen av 1974 til 13,3 % i Kunnskapsløftet frå 2006. Dette er alvorleg på bakgrunn av dei nemnde punkta i dette avsnittet og får også konsekvensar for grunnlaget elevane har når dei møter til opplæring i kulturskulane.

Sett i lys av at kunstfaga har fått mindre timetal i grunnopplæringa, av behovet for kontinuitet i opplæringa og behovet for og glede over kunstfag som mange unge opplever, så støttar me utvalet si vurdering av at ein også på ungdomsskulen må få mulighet til å velje kunstfag. Men me meiner at ein må finne andre løysingar enn faget utdanningsval.

## **Vedlegg A Forskrift**

Nord-Aurdal kommune meiner det er bra at det blir laga forskrift for kulturverksemda, også lokalt.

Til punkt 3: Som nemnt ovanfor er vi positive til at skulepengane til kulturskuletimar blir haldne på eit lågt nivå, gjerne maks. 2000 kr. Men då må det følgje med øyremerkt statsstøtte; elles kan det bli til at færre får tilbod, og det blir lengre ventelister.

Til punkt 4.2: Her står det: ”Kulturskolen skal, så langt det er mulig, kunne tilby elevene undervisning innfor rammen av en helhetlig skoledag.”

Vi meiner det er for leiande, sjølv om det står ”så langt det er mulig”, jf. det vi har sagt ovanfor om å ta elevar ut av undervisninga. Framleis må nok mange koma att seinare på dagen for å få kulturskuleundervisning.

## **Konklusjon**

Nord-Aurdal kommune:

- meiner at kulturskulen må tilførast meir ressursar frå sentralt hald viss han skal ta på seg oppgåver utover kjerneoppgåvene.
- er skeptisk til at elevar skal takast ut av ordinære grunnskuletimar
- ynskjer at kulturskulen må få midlar til å ivareta kulturinteressa til elevar også på ungdomsskule og vidaregåande nivå.
- ynskjer framhald og auke av stimuleringsmidlar til kulturskulen, men prosjektmidlar må følgjast opp med meir driftsmidlar. Også mindre kommunar må få økonomiske rammer til å utvikle seg som ressurscenter for eigen kommune.
- meiner at estetiske fag må vera sentrale komponentar i lærarutdanninga for å kunne gi undervisning av kvalitet i grunnskulen, og for å kunne byggje samarbeidsgrunn mellom kulturskule og grunnskule med tanke på sambruk av lærarar, prosjektutvikling og meir organisatorisk fundert samarbeid om lærarressursar.
- meiner tilbakegangen for estetiske fag i grunnopplæringa er alarmerande, og at faget utdanningsval på ungdomsskulen ikkje kan løyse denne utfordringa i særleg grad.
- ynskjer ei forskrift for kulturskulen knytt til § 13-6 i opplæringslova.